



Børsdalsnissen kjem også i år! (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Det blir marknadsliv både inne og ute når julegrana tennes fredag klokka 17. Programmet blir slik som det har vore i dei siste åra - i regi av dei driftige Aktivitetshusets Damevenner.**

Dermed opnar arrangementet som før med friske tonar av Musikklaget, som framleis er ved liv sjølv om korpset har vore utsett for rekrutteringssvikt frå tid til annan. Det er nærmast utruleg å tenkja på at det eingong har vore oppe i 50 musikantar!

Marknadsopplegget kunne hatt fleire utstillarar/seljarar, men det er ikkje umogleg at det kjem fleire i siste liten, varslar Klara Bakke.

På lista over dei som kjem finn vi torsdag føremiddag førebels Hjønnevåg, Friheim, AFA, Ann Kristin Olsen og Marit Langballe.

Skulen lokkar med elevarbeid inne i Helgheim der det også er grautsal og i Gampleskulen er det kake-kafe med melkekake på menyen. I eit telt er det lappar, gløgg og nek å få.

Klokka 18.30 er det gang rundt juletreet, blir det opplyst i annonsen. Det vart freista for første gong i fjor med Børsdalsnissen i teten men var ikkje spesielt vellukka. Truleg blir juletregangen betre organisert dette året. Kanskje det til og med blir musikalsk akkompagnement?

Og apropos musikk: Det går også rykter om at nissen skal spela piano!

Av Ola Matti Mathisen



- og det gjer også Damevenenes Anita Ænes! (Foto: Ola Matti Mathisen)